

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Aktivitetssenteret til Fusa kommune, Fusa vidaregåande skule
Møtedato: 16.02.2017 **Tid:** kl.16:00 - 21:10

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.
Saklista vart gjort tilgjengeleg elektronisk 08.02.2017. Møtet vart kunngjort på heimesida.

Desse medlemene møtte:	Parti
Agnete Digranes Årvik	Ap
Anne-Grete Gjerdevik	Ap
Atle Kvåle	Ap
Hans Ekeberg	Ap
Helge Mjånes	Ap
William Sandven Lindborg	Ap
Magne Djuvik	Frp
Aud-May Boge	H
Lars Erik Dalland	H
Ranveig Næss	H
Bjarte Samnøy	Krf
Toralv Huse	Krf
Jan Birger Landøy	Sp
Margunn Yndestad Samnøy	Sp
Mikal Leigland	Sp
Peter - Hans de Zwarte	Sp
Richard Markhus	Sp
Gustav Folkestad	V

Forfall	Parti	Møtande varamedlemmer	Parti
Roger Hoel	Du	Carl Johan Haugen	Frp
Kristine Hjartnes	Frp	Ole Johnny Ådland	Frp
Svein Lang	Sp	Marianne Borge	Sp

Møtenotat:

Permisjon:

Carl Johan Haugen, Frp, fekk permisjon og gjekk kl 20.25 før sak nr 18/17 vart handsama. Arne Holmefjord, Frp, var innkalla som vararepresentant i andre saker. Han møtte som vararepresentant i sak nr 18/17.

Inhabet:

Gustav Folkestad, V, var inhabil i sak nr 4/17. Arild Heggland, V, møtte som vararepresentant. William Lindborg, Ap, var inhabil i sak nr 4/17. Bergfrid Norheim, Ap, var innkalla som vararepresentant i ei anna sak og møtte også i denne saka.

Mikal Leigland, Sp, var inhabil i sak nr 8/17. Bjørnar Vik, Sp, møtte som vararepresentant.
Magne Djuvik, Frp, var inhabil i sak nr 8/17. Arne Holmefjord, Frp, møtte som vararepresentant.
Carl Johan Haugen, Frp, var inhabil i sak nr 10/17, nr 11/17, nr 12/17 og nr 13/17. Arne Holmefjord, Frp, møtte som vararepresentant i sakene.

Gustav Folkestad, V, var inhabil i sak nr 11/17. Arild Heggland, V, møtte som vararepresentant.
William Lindborg, Ap, var inhabil i sak nr 13/17. Bergfrid Norheim, Ap, møtte som vararepresentant.

Andre som møtte:

Konstituert rådmann Elisabeth Farstad
Leiar i kontrollutvalet Ola Dale
Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr frå Deloitte AS
Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen
Einingsleiar samfunnsutvikling, økonomi og service Terje Raunsgard

Orienteringar i kommunestyret

Orientering om arbeidet med tømmerkai Fusa- Holmefjord/Samnøy.

Frå Vestskog møtte dagleg leiar Kjetil Andre Rødland, frå Midthordland skogeigarlag leiar Jørgen Frønsdal.

Orienteringar frå ordførar Atle Kvåle, Ap

1. Ordførar orienterte om aksjon plastinnsamling med fokus på strandsona 18.02. – 20.02.
Oppfordra kommunestyret til å ta aktivt del i aksjonen

2 Ordførar orienterte om at ordførar ville i samarbeid med ordførar i Os levera inn klage / opplysning om at høyringsuttale frå Os kommune og Fusa kommune tok bl.a. utgangspunkt i at det skal etablerast ny kommune frå 01.01. 2020.

Dette bør vektleggjast i korleis nærpolitireformen blir organisert i vårt område.
Kommunestyret tok dette til orientering

3. Møteveke i utvala blir flytta frå veke 14 til veke 13. Dette tok kommunestyret til etterretning. Dette blir endra i møteplan.

Orientering frå konstituert rådmann Elisabeth Farstad

Forholdet til private skular

Det er ei god dialog mellom eining Undervisning og rektorane på dei private skulane, mellom anna om skuleruta. Einingsleiar på Undervisning skal ha møte med dei private skulane i veka etter vinterferien. Om det er ønskeleg, kan ho rapportera frå det det møtet og kva formaliserte samarbeid ein etablerer eller ser for seg i neste møterunde.

Itslearning. Dette ein privat leverandør som Fusa kommune har kontrakt med. Kommunen kan ikkje forhandla eller inngå avtalar på vegner av andre organisasjonar, men dei private skulane er i ferd med å finna ei løysing her. Kommunen kjenner ikkje detaljane.

Rekneskap 2016

Vi ligg godt an, både med tanke på framdrift og resultat. No ligg vi an til ein liten pluss, men det står att nokre avklaringar med revisjonen, og dei kan føra til både pluss og minus i rekneskapen.

Dei fleste av momenta som treng avklaring med revisjonen, peikar i positiv retning med tanke på rekneskapen, men noko sluttresultat kan ho ikkje spå no.

Ettersom det står att fleire moment som vi må avklara med revisjonen, tør rådmannen heller ikkje spå nøyaktig kva dato rekneskapen vil liggja føre. Det rådmannen føler seg trygg på, er at rekneskapen vil

vera klar ganske snart.

Rådmannen har fått spørsmål frå ordføraren om skatteinngangen. Den var god i 2016 i Fusa, som i andre kommunar. Den var om lag to millionar over budsjett. Men auken i 2016 skuldast endringar i skattesystemet som gjer at vi ikkje kan forventa same skatteinngang dei neste åra.

Merknader til innkalling og sakliste:

Margunn Y. Samnøy, Sp, etterlyste sak om kommunereforma som ikkje stod på saklista. Sak nr 18/2017 var ikkje meldt opp til møtet, men vart handsama som ekstrasak til slutt i møtet. Det var elles ingen merknad til innkalling og sakliste.

Bjarte Samnøy, Krf, hadde følgjande innspel:

For å få god kvalitet på sakshandsaminga og av omsyn til at det er arbeidsdag for mange dagen derpå, må møta slutta seinast kl 21.00.

Ordfører Atle Kvåle, Ap, :

Eitt godt innspel! Framtidige møte vert planlagt med møteslutt kl 21.00.

Ordfører Atle Kvåle, Ap, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune snarast og seinast innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 27.02.2017

Atle Kvåle
Ordfører

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
001/2017	Godkjenning av møteprotokoll
002/2017	Forvaltningsrevisjonsrapport Fusa kommune – internkontroll, verksemdstyring og vedtaksoppfølging
003/2017	Framlegg til kommunal planstrategi for Fusa kommune 2017-2020
004/2017	Eigarskapsmelding 2016 - 2019
005/2017	Statusmelding om busetjing av flyktningar
006/2017	Medlemskap i Transparency International Norge - tiltak mot korrupsjon
007/2017	Endring av gebyrregulativ - renovasjonsgebyr
008/2017	Avtale om ombygging av Strandvik idrettsplass
009/2017	Endring av vedtekter for barnehagane i Fusa kommune frå 01.03.17
010/2017	Godkjenning av planprogram for detaljregulering av Vinnesbruddet
011/2017	Godkjenning av planprogram for detaljregulering av Sævareid fiskeanlegg og Sævareid sentrum
012/2017	Godkjenning av detaljregulering for Skåtaklubben ytre, bustadfelt
013/2017	Godkjenning av detaljregulering for Naustdalen strand og bustad
014/2017	Godkjenning av detaljregulering for Lauvfjellet hyttefelt
015/2017	Suppleringsval senior- og funksjonsrådet
016/2017	Plan for forvaltningsrevisjon
017/2017	Reglement for godtgjersle til folkevalde - framlegg til endringar
018/2017	Kommunereforma - vidare arbeid

001/2017: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå møte 15.12.2016 vert godkjent.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 001/2017 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 15.12.2016 vert godkjent.

002/2017: Forvaltningsrevisjonsrapport Fusa kommune – internkontroll, verksemdstyring og vedtaksoppfølging

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 9 tilrådingane frå Deloitte som går fram av kapittel 6 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.04.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen vert å sende kontrollutvalet med kopi til kommunestyret.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr frå Deloitte AS presenterte rapporten i kommunestyret. Leiar i kontrollutvalet Ola Dale orienterte også om rapporten, og både han og forvaltningsrevisoren svara på spørsmål.

Konstituert rådmann Elisabeth Farstad presiserte: Det er ikkje korrekt at rapporten kjem seint av di det ikkje var mogleg å få kontakt med rådmannen i januar-april 2016.

Rådmannen vart intervjuet i samband med rapporten 23. februar 2016 og ga raskt tilbakemelding på referatet. Dette har vorte presisert til revisjonen tidlegare; noko representanten frå Deloitte AS stadfesta i møtet.

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

KOM- 002/2017 Vedtak:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 9 tilrådingane frå Deloitte som går fram av kapittel 6 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.04.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å

følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen vert å sende kontrollutvalet med kopi til kommunestyret.

003/2017: Framlegg til kommunal planstrategi for Fusa kommune 2017-2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune vedtek kommunal planstrategi for perioden 2017-2020 slik han ligg føre i framlegg datert 10.11.2016.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Følgjande fellesframlegg frå alle parti/grupper fremja av varaordførar Magne Djuvik, Frp, vart samrøystes vedteke:

Nytt punkt 4.

Fusa Kommune startar arbeidet med å få endra status på alle eksisterande og bebygde eigedomar, slik at desse får rett status som bustadeigedommar i arealplanen.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM- 003/2017 Vedtak:

Kommunal planstrategi for Fusa kommune 2017-2020 blir vedteken med fylgjande endringar:

Arealdelen av kommuneplanen skal gjennomgåast og eventuelt del rullerast innan fylgjande område i løpet av 2018

- 1). Naust/ Sjøbu
- 2). Næringsareal
- 3). Deler av areal avsett til bustad.

4) Fusa kommune startar arbeidet med å få endra status på alle eksisterande og bebygde eigedomar, slik at desse får rett status som bustadeigedommar i arealplanen.

I tillegg kan ein fortløpande rullera andre områder ved behov.

Rådmann blir beden om å innarbeida endringane i dokumentet.

Kommunestyret vil presisera at det er viktig med gode prosessar og brei involvering i planarbeid.

Formannskapet 18.01.2017:

Handsaming:

Administrasjonen orienterte om areal sett av til bustadbygging.

Følgjande fellesframlegg fremja av Margunn Y. Samnøy, Sp, vart samrøystes tilrådd (8 r):

Kommunal planstrategi for Fusa kommune 2017-2020 blir vedteken med fylgjande endringar:

Arealdelen av kommuneplanen skal gjennomgåast og eventuelt del rullerast innan fylgjande område i løpet av 2018

- 1). Naust/ Sjøbu
- 2). Næringsareal
- 3). Deler av areal avsett til bustad.

I tillegg kan ein fortløpande rullera andre områder ved behov.

Rådmann blir beden om å innarbeida endringane i dokumentet.

Formannskapet vil presisera at det er viktig med gode prosessar og brei involvering i planarbeid.

Framlegget frå rådmannen fekk 0 røyster.

FOR- 002/2017 Vedtak:

Kommunal planstrategi for Fusa kommune 2017-2020 blir vedteken med fylgjande endringar:

Arealdelen av kommuneplanen skal gjennomgåast og eventuelt del rullerast innan fylgjande område i løpet av 2018

- 1). Naust/ Sjøbu
- 2). Næringsareal
- 3). Deler av areal avsett til bustad.

I tillegg kan ein fortløpande rullera andre områder ved behov.

Rådmann blir beden om å innarbeida endringane i dokumentet.

Formannskapet vil presisera at det er viktig med gode prosessar og brei involvering i planarbeid.

Kommunestyret 15.12.2016:

Handsaming:

Uttaler frå fylkesmannen i Hordaland og kystverket var distribuert ut før møtet.

Aud- May Boge, H, fremja følgjande fellesframlegg frå H, KrF, Sp og den uavhengige: Fusa kommune vedtek ikkje kommunal planstrategi for 2017-2020 slik han ligg føre, og sender saka tilbake til formannskapet, som handsamar denne i eit ekstra møte i januar 2017.

Framlegget frå Aud-May Boge, H, vart samrøystes vedteke.

KOM- 080/2016 Vedtak:

Fusa kommune vedtek ikkje kommunal planstrategi for 2017-2020 slik han ligg føre, og sender saka tilbake til formannskapet, som handsamar denne i eit ekstra møte i januar 2017.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet av 21.11. 2016 var distribuert via iPad og heimesida.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR- 074/2016 Vedtak:

Fusa kommune vedtek kommunal planstrategi for perioden 2017-2020 slik han ligg føre i framlegg datert 10.11.2016.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2016:

Handsaming:

Eirin Bergheim fremja følgjande felles forslag som vart samrøystes vedteke: I forbindelse med samanslåing av Fusa og Os, ser vi at kommunane bruker nasjonale retningslinjer. Senior- og funksjonsråd i begge kommunar må tas med i vidare arbeid.

RAAD- 059/2016 Vedtak:

I forbindelse med samanslåing av Fusa og Os, ser vi at kommunane bruker nasjonale retningslinjer. Senior- og funksjonsråd i begge kommunar må tas med i vidare arbeid.

Ungdomsrådet 21.11.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd tok saka samrøystes til etterretning.

UNG- 052/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning

004/2017: Eigarskapsmelding 2016 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune sel aksjane / melder seg ut av fylgjande selskap / organisasjonar:

.

Fusa kommune vert medlem i fylgjande organisasjonar:

.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Gustav Folkestad, V, er styreleiar i ASVO Fusa As som er omtala i meldinga, og han stiller spørsmål om habiliteten sin i saka. Han gjekk frå. Arild Heggland, V, møtte som vararepresentant. Framlegget fremja av ordførar Atle Kvåle, Ap, om at Gustav Folkestad var inhabil vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova § 40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 1. og 2. ledd.

William Lindborg, Ap, er styremedlem i eitt selskap som er eigd av BIR As som er omtala i meldinga . Han stiller spørsmål om habiliteten sin i saka. Han gjekk frå. Bergfrid Norheim, Ap, møtte som vararepresentant i ei anna sak. Ho tok plass som vararepresentant i denne saka også. Framlegget fremja av ordførar Atle Kvåle, Ap, om at William Lindborg var inhabil vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova § 40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 1. og 2. ledd

Framlegget fremja av Bjarte Samnøy, Krf, vart samrøystes vedteke:

Fusa kommune vert fortsatt eigar i Sunnhordaland- sambandet AS ellers som vedtak i formannskapet

KOM- 004/2017 Vedtak:

Fusa kommune sel aksjane / melder seg ut av fylgjande selskap / organisasjonar:

- Tide ASA
- Orkla

Fusa kommune vert medlem i fylgjande organisasjonar:

- Nettverk fjord- og kystkommuner (NFKK)

Rådmannen rettar opp feil i fakta i saka.

Formannskapet 18.01.2017:**Handsaming:**

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande forslag:

Fusa kommune sel aksjane / melder seg ut av fylgjande selskap / organisasjonar:

- Tide ASA
- Orkla
- Sunnhordland-sambandet AS (tidlegare Tysnesbrua AS)

Fusa kommune vert medlem i fylgjande organisasjonar:

- Nettverk fjord- og kystkommuner (NFKK)

Rådmannen rettar opp feil i fakta i saka.

Votering:

Forslaget frå ordførar Atle Kvåle, Ap, om sal av aksjer i Sunnhordland-sambandet AS (tidlegare Tysnesbrua AS) vart tilrådd med 8 røyster mot 1 røyst. (1 Bjarte Samnøy Krf)

Framlegget fremja av ordførar Atle Kvåle, Ap, vart elles samrøystes tilrådd:

FOR- 003/2017 Vedtak:

Fusa kommune sel aksjane / melder seg ut av fylgjande selskap / organisasjonar:

- Tide ASA
- Orkla
- Sunnhordland-sambandet AS (tidlegare Tysnesbrua AS)

Fusa kommune vert medlem i fylgjande organisasjonar:

- Nettverk fjord- og kystkommuner (NFKK)

Rådmannen rettar opp feil i fakta i saka.

005/2017: Statusmelding om busetjing av flyktingar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering. Kommunestyret ber rådmannen koma tilbake med ny status når ny informasjon ligg føre.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Følgjande fellesframlegg frå alle parti/grupper vart fremja Hans Ekeberg, Ap:

Som formannskapet, med følgjande tillegg:

Kommunestyret i Fusa merkar seg ulikskap mellom private og offentlege aktørar når staten finansierer flykningiltaka, t.d. bustader.

Private aktørar får midlar frå staten frå dag ein, medan offentlege aktørar får midlar først når flykningane har kome. Ventetida medfører økonomisk risiko.

Kommunestyret i Fusa vil be om at staten ser på tilskotsordninga på nytt slik at private og offentlege aktørar får same vilkår.

Framlegget frå Hans Ekeberg vart samrøystes vedteke.

KOM- 005/2017 Vedtak:

Saka vert teken til orientering. Kommunestyret ber rådmannen koma tilbake med ny status når ny informasjon ligg føre.

Kommunestyret i Fusa merkar seg ulikskap mellom private og offentlege aktørar når staten finansierer flykningiltaka, t.d. bustader.

Private aktørar får midlar frå staten frå dag ein, medan offentlege aktørar får midlar først når flykningane har kome. Ventetida medfører økonomisk risiko.

Kommunestyret i Fusa vil be om at staten ser på tilskotsordninga på nytt slik at private og offentlege aktørar får same vilkår.

Formannskapet 01.02.2017:

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR- 008/2017 Vedtak:

Saka vert teken til orientering. Kommunestyret ber rådmannen koma tilbake med ny status når ny informasjon ligg føre.

006/2017: Medlemskap i Transparency International Norge - tiltak mot korrupsjon

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune søker om medlemskap i organisasjonen Transparency International Norge. Kommunen skal vidareutvikla og implementera tiltak mot korrupsjon.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM- 006/2017 Vedtak:

Fusa kommune søker om medlemskap i organisasjonen Transparency International Norge. Kommunen skal vidareutvikla og implementera tiltak mot korrupsjon.

Formannskapet 01.02.2017:

Handsaming:

Ordføraren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

FOR- 009/2017 Vedtak:

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune søker om medlemskap i organisasjonen Transparency International Norge. Kommunen skal vidareutvikla og implementera tiltak mot korrupsjon.

007/2017: Endring av gebyrregulativ - renovasjonsgebyr

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune vedtek for 2017 eit tillegg til BIR sine gebyr for bustad og fritidsbustad på kr 37,50 pluss mva. Summen skal dekkja kommunen sine indirekte kostnader med renovasjonsordninga i samsvar med forureiningslova § 34.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM- 007/2017 Vedtak:

Fusa kommune vedtek for 2017 eit tillegg til BIR sine gebyr for bustad og fritidsbustad på kr 37,50 pluss mva. Summen skal dekke kommunen sine indirekte kostnader med renovasjonsordninga i samsvar med forureiningslova § 34.

Formannskapet 01.02.2017:

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR- 010/2017 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune vedtek for 2017 eit tillegg til BIR sine gebyr for bustad og fritidsbustad på kr 37,50 pluss mva. Summen skal dekke kommunen sine indirekte kostnader med renovasjonsordninga i samsvar med forureiningslova § 34.

008/2017: Avtale om ombygging av Strandvik idrettsplass

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune er positiv til Strandvik idrettslag sine planar for Strandvik idrettsplass og at det vert inngått ein ny langsiktig avtale for leige av grunn til idrettsføremål. Avtalen gjeld areal for idrettsanlegg ståande på Gbnr. 83/34. Avtalen omfattar ikkje den offentlege parkeringsplassen på eigedomen.

Ordføraren får fullmakt til å forhandla fram og godkjenna ein leigeavtale for heile anlegget med utgangspunkt i utkast til avtale dagsett 19.1.2017. I tråd med satsar i kommunedelplan og praksis, vert det utbetalt tilskot til drift av kunstgrasbane, kr 15.000,-, frå det første heile driftsåret etter at anlegget står ferdig.

Rekkefølgekravet for parkeringssituasjonen i sentrum, pkt. 10.2.2 i k-sak 06/14, vert oppheva, og idrettslaget får rett til å stengja idrettsanlegget for parkering.

Det vert etablert ein universelt utforma gangveg frå parkeringsplassen ved idrettsanlegget fram til kyrkjegarden på Åkre som må innarbeidast i detaljert plan og leigeavtale for idrettsanlegget.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Varaordfører Magne Djuvik, Frp, har vore involvert i handsaminga av saka i fellesrådet 02.02.2017. Han gjekk frå. Arne Holmefjord, Frp, møtte som vararepresentant. Framlegget frå ordfører Atle Kvåle, Ap, om at Magne Djuvik, Frp, er inhabil, vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova §40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6. 2.ledd

Mikal Leigland, Sp, har vore involvert i handsaminga, ved at han har vore inne og levert inn teikningar og medvirka til opplysning om saka elles. Han gjekk frå. Bjørnar Vik, Sp, møtte som vararepresentant. Framlegget frå ordfører Atle Kvåle, Ap, om at Mikal Leigland, Sp, er inhabil, vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6. 2. ledd.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM- 008/2017 Vedtak:

Fusa kommune er positiv til Strandvik idrettslag sine planar for Strandvik idrettsplass og at det vert inngått ein ny langsiktig avtale for leige av grunn til idrettsføremål. Avtalen gjeld areal for idrettsanlegg ståande på Gbnr. 83/34. Avtalen omfattar ikkje den offentlege parkeringsplassen på eigedomen.

Ordføreren får fullmakt til å forhandla fram og godkjenna ein leigeavtale for heile anlegget med utgangspunkt i utkast til avtale dagsett 19.1.2017. I tråd med satsar i kommunedelplan og praksis, vert det utbetalt tilskot til drift av kunstgrasbane, kr 15.000,-, frå det første heile driftsåret etter at anlegget står ferdig.

Rekkefølgekravet for parkeringssituasjonen i sentrum, pkt. 10.2.2 i k-sak 06/14, vert oppheva, og idrettslaget får rett til å stengja idrettsanlegget for parkering.

Det vert etablert ein universelt utforma gangveg frå parkeringsplassen ved idrettsanlegget fram til kyrkjegarden på Åkre som må innarbeidast i detaljert plan og leigeavtale for idrettsanlegget.

Formannskapet 01.02.2017:

Handsaming:

Uttalar frå ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet var distribuert ut før møtet.

Mikal Leigland, Sp, har vore involvert i handsaminga, ved at han har vore inne og levert inn teikningar og medvirka til opplysning om saka elles. Han gjekk frå. Det var ikkje kalla inn vararepresentant. Framlegget frå ordfører Atle Kvåle, Ap, om at Mikal Leigland (Sp) er inhabil, vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova § 40, jf. forvaltningslova § 6. 2.ledd.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd. (8 røyster)

FOR- 013/2017 Vedtak:

Fusa kommune er positiv til Strandvik idrettslag sine planar for Strandvik idrettsplass og at det vert inngått ein ny langsiktig avtale for leige av grunn til idrettsføremål. Avtalen gjeld areal for idrettsanlegg ståande på Gbnr. 83/34. Avtalen omfattar ikkje den offentlege parkeringsplassen på eigedomen.

Ordføraren får fullmakt til å forhandla fram og godkjenna ein leigeavtale for heile anlegget med utgangspunkt i utkast til avtale dagsett 19.1.2017. I tråd med satsar i kommunedelplan og praksis, vert det utbetalt tilskot til drift av kunstgrasbane, kr 15.000,-, frå det første heile driftsåret etter at anlegget står ferdig.

Rekkefølgekravet for parkeringssituasjonen i sentrum, pkt. 10.2.2 i k-sak 06/14, vert oppheva, og idrettslaget får rett til å stengja idrettsanlegget for parkering.

Det vert etablert ein universelt utforma gangveg frå parkeringsplassen ved idrettsanlegget fram til kyrkjegarden på Åkre som må innarbeidast i detaljert plan og leigeavtale for idrettsanlegget.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.01.2017:**Handsaming:**

Følgjande fellesframlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke: Senior- og funksjonsrådet påpeikar at idrettsbanen ikkje må stengjast før dei nye parkeringsplassane er ferdig.

RAAD- 004/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet påpeikar at idrettsbanen ikkje må stengjast før dei nye parkeringsplassane er ferdig

Ungdomsrådet 30.01.2017:**Handsaming:**

Fusa ungdomsråd samla seg om ein uttale der Fusa ungdomsråd er positive til planane for Strandvik idrettsplass og at saka samrøystes vert teke til orientering.

UNG- 007/2017 Vedtak:

Fusa ungdomsråd er positive til planane for Strandvik idrettsplass og tek saka til orientering.

009/2017: Endring av vedtekter for barnehagane i Fusa kommune frå 01.03.17

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune endrar vedtekter for barnehagane frå 01.03.17 slik dei ligg føre i framlegget frå rådmannen.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM- 009/2017 Vedtak:

Fusa kommune endrar vedtekter for barnehagane frå 01.03.17 slik dei ligg føre i framlegget frå rådmannen.

Formannskapet 01.02.2017:

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samøystes tilrådd.

FOR- 014/2017 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune endrar vedtekter for barnehagane frå 01.03.17 slik dei ligg føre i framlegget frå rådmannen.

010/2017: Godkjenning av planprogram for detaljregulering av Vinnesbruddet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner planprogram for detaljregulering av Vinnesbruddet, datert 16.12.2016. Vedtaket fattast på vilkår av at det gjennomførast eit folkemøte med naboar og berørte partar som første steg i den vidare framdrifta. Informasjonen og høve til medverknad for alle partar må styrkast i det vidare planarbeidet. Det må i tillegg utarbeidast ein konkret plan for korleis ein vil leggje til rette for informasjon og medverknad i prosessen.

Vedtaket heimla i pbl. §§ 1-1, 4-1 og 12-9.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Carl Johan Haugen, Frp, stiller spørsmål om sin habilitet då firmaet som han jobbar hos er plankonsulent for dette arbeidet.

Han gjekk frå. Arne Holmefjord, Frp, møtte som vararepresentant. Framlegget frå ordførar Atle Kvåle, Ap, om at Carl Johan Haugen Frp, er inhabil, vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6. 2.ledd.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KOM- 010/2017 Vedtak:

Fusa kommune godkjenner planprogram for detaljregulering av Vinnesbruddet, datert 16.12.2016. Vedtaket fattast på vilkår av at det gjennomførast eit folkemøte med naboar og berørte partar som første steg i den vidare framdrifta. Informasjonen og høve til medverknad for alle partar må styrkast i det vidare planarbeidet. Det må i tillegg utarbeidast ein konkret plan for korleis ein vil leggje til rette for informasjon og medverknad i prosessen.

Vedtaket heimla i pbl. §§ 1-1, 4-1 og 12-9.

Utval for plan og miljø 02.02.2017:

Handsaming:

Uttaler frå Ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet vart lagt fram i møtet.

Utvalet tilrådde samrøystes at kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg.

UPM- 006/2017 Vedtak:

Utvalet tilrår at rådmannen sitt framlegg vert vedteke.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.01.2017:

Handsaming:

Følgjande fellesframlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke: Saka vert teke til orientering.

RAAD- 010/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Ungdomsrådet 30.01.2017:

Handsaming:

Saka vart samrøystes teke til orientering.

UNG- 012/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

011/2017: Godkjenning av planprogram for detaljregulering av Sævareid fiskeanlegg og Sævareid sentrum

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner planprogram for detaljregulering av Sævareid fiskeanlegg og Sævareid sentrum.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Gustav Folkestad, V, stiller spørsmål om habiliteten då han er dagleg leiar i bedrifta som er part i saka. Han gjekk frå. For han møtte Arild Heggland, V, som vararepresentant. Framlegget frå ordførar Atle Kvåle, Ap, om at Gustav Folkestad, V, er inhabil, vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova §40 nr 3, jf. forvaltningslova §6 1. ledd.

Carl Johan Haugen, Frp, stiller spørsmål om sin habilitet då innspel til planarbeidet frå Sævareidfjorden Ungdomslag er ført i pennen av han. Han er koordinator og kontaktperson for ungdomslaget/bygda. Han gjekk frå. Arne Holmefjord, Frp, møtte som vararepresentant. Framlegget frå ordførar Atle Kvåle, Ap, om at Carl Johan Haugen Frp, er inhabil, vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6. 2.ledd.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KOM- 011/2017 Vedtak:

Fusa kommune godkjenner planprogram for detaljregulering av Sævareid fiskeanlegg og

Sævareid sentrum.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9.

Utval for plan og miljø 02.02.2017:

Handsaming:

Gustav Folkestad, V, sa seg ugild då han er dagleg leiar i bedrifta. Han gjekk i frå. For han møtte Toralv Huse, Krf, som vararepresentant. Gustav Folkestad vart samrøystes kjend ugild til å handsama denne saka, jfr kommunelova §40 nr 3 jf forvaltningslova §6.

Uttaler frå Ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet vart lagt fram i møtet.

Utvalet tilrådde samrøystes at kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg.

Etter votering tok Gustav Folkestad plass igjen i møtet.

UPM- 007/2017 Vedtak:

Utvalet tilrår at rådmannen sitt framlegg vert vedteke.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.01.2017:

Handsaming:

Følgjande fellesframlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Saka vert teke til orientering.

RAAD- 009/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Ungdomsrådet 30.01.2017:

Handsaming:

Saka vart samrøystes teke til orientering.

UNG- 011/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

012/2017: Godkjenning av detaljregulering for Skåtaklubben ytre, bustadfelt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner detaljregulering for Skåtaklubben ytre, bustadfelt, datert 02.01.2017, med plan-ID 1241 2016 03.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-12.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Carl Johan Haugen, Frp, stiller spørsmål om sin habilitet då firmaet som han jobbar hos er plankonsulent for dette arbeidet.

Han gjekk frå. Arne Holmefjord, Frp, møtte som vararepresentant. Framlegget frå ordførar Atle Kvåle, Ap, om at Carl Johan Haugen Frp, er inhabil, vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6. 2.ledd.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KOM- 012/2017 Vedtak:

Fusa kommune godkjenner detaljregulering for Skåtaklubben ytre, bustadfelt, datert 02.01.2017, med plan-ID 1241 2016 03. Kommunestyret sluttar seg til uttale frå ungdomsrådet og oppmoda tiltakshavar til å vurdera vegljøs i samband med utbygging.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §12-12.

Utval for plan og miljø 02.02.2017:

Handsaming:

Uttaler frå Ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet vart lagt fram i møtet.

Utvalet slutta seg til uttale frå ungdomsrådet og oppmoda tiltakshavar til å vurdera vegljøs i samband med utbygging. Utvalet tilrådde samrøystes at kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg.

UPM- 010/2017 Vedtak:

Utvalet slutta seg til uttale frå ungdomsrådet og oppmoda tiltakshavar til å vurdere vegljøs i samband med utbygging. Utvalet tilrår at kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.01.2017:**Handsaming:**

Følgjande fellesframlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke: Saka vert teke til orientering.

RAAD- 008/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Ungdomsrådet 30.01.2017:**Handsaming:**

Fusa ungdomsråd samla seg om slik samrøystes uttale: Fusa ungdomsråd stilte ved 1. gangshandsaming av reguleringsplanen spørsmål om det er behov for veglys på den private tilførslevegen. Ungdomsrådet kan ikkje sjå at veglys er vurdert korkje i planomtale eller i saksutgreiinga. Ungdomsrådet meiner difor at Fusa kommune ikkje kan ta stilling til planen før spørsmålet om veglys og dermed trafikktryggleiken i området, er godt nok i vareteke i planframlegget.

UNG- 010/2017 Vedtak:

Fusa ungdomsråd stilte ved 1. gangshandsaming av reguleringsplanen spørsmål om det er behov for veglys på den private tilførslevegen. Ungdomsrådet kan ikkje sjå at veglys er vurdert korkje i planomtale eller i saksutgreiinga. Ungdomsrådet meiner difor at Fusa kommune ikkje kan ta stilling til planen før spørsmålet om veglys og dermed trafikktryggleiken i området, er godt nok i vareteke i planframlegget.

013/2017: Godkjenning av detaljregulering for Naustdalen strand og bustad**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fusa kommune godkjenner detaljregulering for Naustdalen strand og bustad, datert 9.1.2017, med plan-ID 1241201609.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

William Lindborg, Ap, stiller spørsmål om sin habilitet. Han er gift med Tonje, som er dotter til tiltakshavar, Oddvar Helland. Dei leiger i dag ein av utleigehyttene som er med i planen. Reguleringsendringa har som mål å gjera utleigehytta til bustadføremål, slik at det vil vera mogleg for dei å busetja seg permanent på Grimeneset. Han gjekk frå. Bergfrid Norheim, Ap, møtte som vararepresentant. Framlegget frå ordførar Atle Kvåle, Ap, om at William Lindborg Ap, er inhabil, vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6. 1. ledd.

Carl Johan Haugen, Frp, stiller spørsmål om sin habilitet då firmaet som han jobbar hos er plankonsulent for dette arbeidet.

Han gjekk frå. Arne Holmefjord, Frp, møtte som vararepresentant. Framlegget frå ordførar Atle Kvåle, Ap, om at Carl Johan Haugen Frp, er inhabil, vart samrøystes vedteke. Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6. 2.ledd.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KOM- 013/2017 Vedtak:

Fusa kommune godkjenner detaljregulering for Naustdalen strand og bustad, datert 9.1.2017, med plan-ID 1241201609.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

Utval for plan og miljø 02.02.2017:

Handsaming:

William Lindborg, Ap, sa seg ugild då han er i familie med tiltakshavar. Han gjekk i frå. For han møtte Toralv Huse, Krf, som vararepresentant. William Lindborg vart samrøystes kjend ugild til å handsama denne saka, jfr kommunelova §40 nr 3 jf forvaltningslova §6.

Uttaler frå Ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet vart lagt fram i møtet.

Utvalet tilrådde samrøystes at kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg.

Etter votering tok William Lindborg plass igjen i møtet.

UPM- 008/2017 Vedtak:

Utvalet tilrår at rådmannen sitt framlegg vert vedteke.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.01.2017:

Handsaming:

Følgjande fellesframlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:
Saka vert teke til orientering.

RAAD- 007/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Ungdomsrådet 30.01.2017:

Handsaming:

Saka vart samrøystes teke til orientering.

UNG- 009/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

014/2017: Godkjenning av detaljregulering for Lauvfjellet hyttefelt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner detaljregulering for Lauvfjellet hyttefelt, med plan-id 1241 2011 02.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KOM- 014/2017 Vedtak:

Fusa kommune godkjenner detaljregulering for Lauvfjellet hyttefelt, med plan-id 1241 2011 02.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

Utval for plan og miljø 02.02.2017:

Handsaming:

Uttaler frå Ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet vart lagt fram i møtet.

Utvalet tilrådde samrøystes at kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg.

UPM- 009/2017 Vedtak:

Utvalet tilrår at rådmannen sitt framlegg vert vedteke.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.01.2017:

Handsaming:

Følgjande fellesframlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke: Saka vert teke til orientering.

RAAD- 006/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Ungdomsrådet 30.01.2017:

Handsaming:

Saka vart samrøystes teke til orientering.

UNG- 008/2017 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

015/2017: Suppleringsval senior- og funksjonsrådet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune vel følgjande ny representant:

Fusa kommune vel følgjande ny leiar:

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Kommunestyret vart orientert om tilrådinga frå valnemda:

Følgjande felles framlegg fremja av Hans Ekeberg, Ap, og Aud-May Boge, H, var der samrøystes tilrådd:

Nytt medlem vert Wenche Holmefjord.

Nytt varamedlem vert Borghild Johanna Flølo som går inn som siste varamedlem i samsvar med gjeldande reglar.

Ny leiar vert: Eirin Bergheim.

Ny nestleiar vert: Arne Holmefjord.

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KOM- 015/2017 Vedtak:

Nytt medlem vert Wenche Holmefjord.

Nytt varamedlem vert Borghild Johanna Flølo som går inn som siste varamedlem i samsvar med gjeldande reglar.

Ny leiar vert: Eirin Bergheim.

Ny nestleiar vert: Arne Holmefjord.

016/2017: Plan for forvaltningsrevisjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Leiar i kontrollutvalet, Ola Dale, var tilstades i møtet, orienterte og svara på spørsmål.

Plan for selskapskontroll var sendt ut som vedlegg også i denne saka i staden for plan for forvaltningsrevisjon.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande forslag:

Saka vert utsett til neste møte.

Framlegget fremja av Atle Kvåle, vart samrøystes vedteke.

KOM- 016/2017 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

Kommunestyret 15.12.2016:

Handsaming:

Plan for selskapskontroll var sendt ut som vedlegg også i denne saka i staden for plan for forvaltningsrevisjon.

Plan for forvaltningsrevisjon vart delt ut i møtet.

Varaordførar Magne Djuvik, Frp, fremja følgjande forslag:

Saka vert utsett til neste møte.

Framlegget fremja av Magne Djuvik, Frp, vart samrøystes vedteke.

KOM- 097/2016 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

017/2017: Reglement for godtgjersle til folkevalde - framlegg til endringar

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Revidert reglement for godtgjersle til folkevalde vert vedteke slik det ligg føre i vedlagde notat.

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Kommunestyret vart orientering om vedtaket i arbeidsgruppa som er sett saman av gruppeleiarar, varaordførar og ordførar:

Følgjande fellesframlegg fremja av varaordførar Magne Djuvik, Frp, vart samrøystes vedteke:

Saka vert returnert til administrasjonen. Rådmannen vert beden om å utgreie meir rundt godtgjersle ved sjukdom hjå ordførar.

100% kompensasjon ved sjukdom via:

- Forsikringar
- Refusjon frå NAV

Følgjande fellesframlegg fremja av Aud-May Boge, H, vart samrøystes tilrådd:

Konsekvensar av at satsar for reisegodtgjersle vert sett til trekkfri godtgjersle skal utgreiast.

Følgjande fellesframlegg fremja av ordførar Atle Kvåle, Ap, vart samrøystes tilrådd:

Evt. andre innspel til saka frå medlemene til ansvarleg sekretær og ordførar innan utgangen av februar 2017.

Saka vart ikkje realitetshandsama i kommunestyret.

KOM- 017/2017 Vedtak:

Saka vart ikkje realitetshandsama i kommunestyret.

018/2017: Kommunereforma - vidare arbeid

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 16.02.2017:

Handsaming:

Margunn Y. Samnøy, Sp, etterlyste sak om kommunereforma som ikkje stod på saklista. Sak nr 18/2017 var ikkje meldt opp til møtet, men vart handsama som ekstrasak til slutt i møtet.

På vegne av Ap, Frp, og V, fremja varaordførar Magne Djuvik, Frp, følgjande fellesframlegg: Saka blir teke til orientering.

På vegne av Høgre, KrF og Senterpartiet fremja Margunn Y. Samnøy, Sp, følgjande fellesframlegg:

Fusa kommune er samd i at det må tilsetjast prosjektleiar. Prosjektleiar skal ikkje vera ein av rådmennene i Os/Fusa. Prosjektleiar må tilsetjast i 100% stilling og kun ha prosjektet som sitt arbeidsfelt. Prosjektleiar må ha inngående kjennskap til og røynsle frå kommunal organisering. Prosjektleiar kan rekruterast internt/eksternt for ein periode på 2 år.

Fellesnemnda tek stilling til når ny rådmann bør tilsetjast.

Framlegget fremja av Magne Djuvik fekk 10 røyster. (6 Ap, 3 Frp, 1 V)

Framlegget fremja av Margunn Y. Samnøy vart vedteke med 11 røyster. (3 H, 2 KrF, 6 Sp)

KOM- 018/2017 Vedtak:

Fusa kommune er samd i at det må tilsetjast prosjektleiar. Prosjektleiar skal ikkje vera ein av rådmennene i Os/Fusa. Prosjektleiar må tilsetjast i 100% stilling og kun ha prosjektet som sitt arbeidsfelt. Prosjektleiar må ha inngående kjennskap til og røynsle frå kommunal organisering. Prosjektleiar kan rekruterast internt/eksternt for ein periode på 2 år.

Fellesnemnda tek stilling til når ny rådmann bør tilsetjast.

Utval for plan og miljø 02.02.2017:

Handsaming:

Lars Erik Dalland , H, sette fram fylgjande framlegg til uttale:

UPM viser til referat frå møte i styringsgruppa 19.12.2016. Under pkt. 1, prosjektstyring overordna modell for leiing og organisering, går det fram at Fellesnemnda (som kjem i arbeid frå september 2017) skal peike ut rådmann, som og vert prosjektleiar for kommunesamanslåinga frå same tidspunkt. Under pkt. 3 under oppsummeringa står fylgjande: "Spørsmål om intern/ekstern tilsetting rådmann vert gjort etter at Fellesnemnda er etablert hausten 2017. Rekruttering skjer med tillitsvalde som del av prosessen saman med Fellesnemnda ".

UPM er samd i at det må tilsetjast prosjektleiar. Prosjektleiar må ikkje vera ein av rådmennene i Os/Fusa. Prosjektleiar må tilsetjast i 100% stilling og kun ha prosjektet som sitt arbeidsfelt. Prosjektleiar må ha inngående kjennskap til og røynsle frå kommunal organisering. Prosjektleiar kan rekrutterast internt/eksternt for ein periode på 2 år.

Felles rådmann må evt. tilsetjast på eit langt seinare tidspunkt i prosessen.

Magne Djuvik, Frp, sette fram fylgjande framlegg:

Fusa kommune er samd i at det må tilsetjast prosjektleiar. Prosjektleiar bør ikkje vera ein av rådmennene i Os/Fusa. Prosjektleiar må tilsetjast i 100% stilling og kun ha prosjektet som sitt arbeidsfelt. Prosjektleiar må ha inngående kjennskap til og røynsle frå kommunal organisering. Prosjektleiar kan rekruterast internt/eksternt. Fellesnemnda tek stilling til når ny rådmann bør tilsetjast.

Framlegget til Lars Erik Dalland vart tilrådd med 8 røyster. Magne Djuvik, Frp, stemte i mot.

Framlegget til Magne Djuvik fekk ei røyst der resten av utvalet stemte mot.

UPM- 004/2017 Vedtak:

UPM viser til referat frå møte i styringsgruppa 19.12.2016 og uttaler dette:

Under pkt. 1, prosjektstyring overordna modell for leiing og organisering, går det fram at Fellesnemnda (som kjem i arbeid frå september 2017) skal peike ut rådmann, som og vert prosjektleiar for kommunesamanslåinga frå same tidspunkt. Under pkt. 3 under oppsummeringa står fylgjande: "Spørsmål om intern/ekstern tilsetting rådmann vert gjort etter at Fellesnemnda er etablert hausten 2017. Rekruttering skjer med tillitsvalde som del av prosessen saman med Fellesnemnda ".

UPM er samd i at det må tilsetjast prosjektleiar. Prosjektleiar må ikkje vera ein av rådmennene i Os/Fusa. Prosjektleiar må tilsetjast i 100% stilling og kun ha prosjektet som sitt arbeidsfelt. Prosjektleiar må ha inngående kjennskap til og røynsle frå kommunal organisering. Prosjektleiar kan rekrutterast internt/eksternt for ein periode på 2 år.

Felles rådmann må evt. tilsetjast på eit langt seinare tidspunkt i prosessen.

Formannskapet 01.02.2017:

Handsaming:

Uttaler frå ungdomsrådet og senior- og funksjonsrådet var distribuert ut før møtet.

På vegne av gruppene fremja Margunn Y. Samnøy, Sp, følgjande fellesforslag som vart samrøystes tilrådd:

Fusa kommune er samd i at det må tilsetjast prosjektleiar. Prosjektleiar bør ikkje vera ein av rådmennene i Os/Fusa. Prosjektleiar må tilsetjast i 100% stilling og kun ha prosjektet som sitt arbeidsfelt. Prosjektleiar må ha inngående kjennskap til og røynsle frå kommunal organisering. Prosjektleiar kan rekruterast internt/eksternt.

Fellesnemnda tek stilling til når ny rådmann bør tilsetjast.

FOR- 007/2017 Vedtak:

Fusa kommune er samd i at det må tilsetjast prosjektleiar. Prosjektleiar bør ikkje vera ein av rådmennene i Os/Fusa. Prosjektleiar må tilsetjast i 100% stilling og kun ha prosjektet som sitt arbeidsfelt. Prosjektleiar må ha inngående kjennskap til og røynsle frå kommunal organisering. Prosjektleiar kan rekruterast internt/eksternt.

Fellesnemnda tek stilling til når ny rådmann bør tilsetjast.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.01.2017:

Handsaming:

Følgjande fellesframlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:

Senior- og funksjonsrådet ser at det kan vera vanskeleg å få info og gje innspel ettersom det er tenkt nettbasert. Me ber om at innbyggjarane, som har problem med dette, blir ivaretatt.

RAAD- 013/2017 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet ser at det kan vera vanskeleg å få info og gje innspel ettersom det er tenkt nettbasert. Me ber om at innbyggjarane, som har problem med dette, blir ivaretatt

Ungdomsrådet 30.01.2017:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd kom fram til slikt samrøystes vedtak: Fusa kommune vil etterlysa rådsorgan for ungdom sin plass i den framtidige politiske styringsstrukturen for Bjørnefjorden kommune, jfr punkt 5 i intensjonsavtale for ny kommune. Det er viktig at ungdom blir involvert

tidleg i prosessen med å byggja den nye kommunen. Fusa kommune vil foreslå at det alt frå hausten 2017 vert etablert eit felles rådsorgan for ungdom i Os og Fusa, og at dette kan fungera som eit "interimsstyre" fram til etableringa av ein ny kommune frå 2020.

Ungdom har ei viktig stemme og erfaringar som vil koma til nytte i førebuinga av den nye kommunen på fleire tenesteområde; som skule, kulturskule, fritid, kollektivtransport, helse og mykje meir.

UNG- 006/2017 Vedtak:

Fusa kommune vil etterlysa rådsorgan for ungdom sin plass i den framtidige politiske styringsstrukturen for Bjørnefjorden kommune, jfr punkt 5 i intensjonsavtale for ny kommune. Det er viktig at ungdom blir involvert tidleg i prosessen med å byggja den nye kommunen. Fusa kommune vil foreslå at det alt frå hausten 2017 vert etablert eit felles rådsorgan for ungdom i Os og Fusa, og at dette kan fungera som eit "interimsstyre" fram til etableringa av ein ny kommune frå 2020.

Ungdom har ei viktig stemme og erfaringar som vil koma til nytte i førebuinga av den nye kommunen på fleire tenesteområde; som skule, kulturskule, fritid, kollektivtransport, helse og mykje meir.

Formannskapet 24.01.2017:

Handsaming:

Presentasjonar frå Os kommune og Fusa kommune vert distribuert til møtedeltakarane.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

FOR- 004/2017 Vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.